

# Vedlegg 5

## Oversikt over administrative vedtak i saka

Vedlegg nr.	Dato	Del.sak	Vedtak
5.1	3.7.2024	449/24	Løve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg i samband med etablering av tømmestasjon
5.2	3.7.2024	450/24	Løve til å legge private stikkledningar i samband med tilkopling av tømmestasjon
5.3	10.7.2024	465/24	Ferdigattest for private stikkledningar
5.4	10.7.2024	464/24	Byggeløyve for tømmestasjon for bubilar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset
5.5	11.7.2024	466/24	Ferdigattest for tømmestasjon for bubilar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset

NB:

Vedlegg til desse vedtaka som er:

- Orientering om klage- og innsynsrett
- Orientering om eigedom teneste og gebyr

er ikkje lagt ved for å redusere talet på sider.

501



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

NESODDEN INDUSTRIBYGG  
AS  
Nesmoen 25  
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2023/706-6	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.froysnes.berg@bygland.kommune.no	03.07.2024

## LØYVE TIL TILKOPLING TIL KOMMUNALT VA-ANLEGG

Delegert sak nr.: 449/24

### Opplysningar til saka:

Ein viser til søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg i samband med at det blir etablert tømmestasjon for bubar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset. Bakgrunn for etablering er bruksavtale for utbygging og drift av bubilplassar og bubiltømmestasjon på Presteneset, datert 4.4.2024. Sakshandsamingstida har blitt for lang grunna ma. sjukefråvær.

Tilkoplinga gjeld for reint vatn og for levering av gråvatn frå bubiltømmestasjon inn på kommunal avløpsleidning. Slam frå tømmestasjonen skal hentast med slamtømmebil.

### Administrativt vedtak:

Kommunedirektøren gir løyve til tilkopling til kommunal vatn- og avløpsleidning for tømmestasjon for bubar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset, slik det er søkt om på fylgjande vilkår:

- 1) Tilkoplingsavgift på i alt kr 88.570,- skal vere betalt før anlegget blir teke i bruk.
- 2) Tilkopling skjer som vist på vedlagt godkjent situasjonsplan.
- 3) Før det blir gitt ferdigattest på bubiltømmestasjonen skal stikkleidningar, stoppekraner mm. vere innmålt.
- 4) Det er krav om montering av privat utvendig stoppekran maks 1 m frå husvegg (tømmestasjon).
- 5) Det skal monterast vassmålar på reint vatn som blir tappa frå kommunal vassleidning og det skal monterast vassmålar for gråvatn som blir pumpa/levert inn på kommunal avløpsleidning.
- 6) Årsavgift fakturerast etter medgått vassforbruk og etter levert gråvatn.

Bygland kommune v/Trond Skjeggedal skal kontaktast ved tilkopling til kommunalt ledningsnett (mob.: 948 26 003).

Eventuelle endringer må godkjennast av kommunen før dei kan bli gjennomført.

**Klagerett:**

*Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Forvaltningsloven §§ 28 - 32.*

*Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje.*

**Formelt grunnlag/heimel**

- Bruksavtale for utbygging og drift av bubilplassar og bubiltømmestasjon på Presteneset, signert 4.4.2024 (arkivert i sak 24/155, Jp 6.)
- Reviderte forskrifter for vatn – og kloakkavgifter, k – sak nr 65 / 05 den 15.12.2005.
- Kommunen sitt gebyrregulativ for 2024

[Prisliste for kommunale tenester \(Gebyrregulativet\) - Bygland kommune](#)

**Gebyr for tilkopling (blir ettersendt)**

Tilkopling vatn	kr. 26.814,- + mva	= 33.517,50
Tilkopling avløp	kr. 44.042,- + mva	= 55.052,50
Sum tilkopling	kr. 48.835,- + mva	= 88.570,-

Med helsing

Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg

Ingeniør byggesak

**Vedlegg:**

- 1 Godkjent situasjonskart tilkopling
- 2 Orientering om klage og innsynsrett

**Kopi til:**

Trond Skjeggedal                                  Sentrum 18                                  4745                                  BYGLAND

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift*




# Situasjonsplan tilkopling til kommunalt VA-anleg

Dato: 28.06.2024

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.

5.2



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

NESODDEN INDUSTRIBYGG  
AS  
Nesmoen 25  
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2023/706-8	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.froysnes.berg@bygland.kommune.no	03.07.2024

## LØYVE TIL LEGGING AV PRIVATE STIKKLEIDNINGAR I SAMBAND MED TILKOPLING TIL KOMMUNALT VA-ANLEGG

Delegert sak nr.: 450/24

Ein viser til søknad om løyve til tilkopling til kommunal VA-leidning i samband med at det blir etablert tømmeasjon for bubilar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset. Bakgrunn for etableringa er bruksavtale for utbygging og drift av bubilplassar og bubiltømmeasjon på Presteneset, datert 4.4.2024.

I samband med tilkopling skal det leggjast privat stikkleidning frå tilkoplingspunkt kommunal hovudleidning og fram til tømmeasjonen. Ein viser til vedlagte situasjonskart.

Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg er godkjent den 1.7.2024 i delegert sak 449/24.

På grunnlag av mottekne opplysningar har Bygland kommune gjort slikt vedtak:

### **Administrativt vedtak:**

I medhald av avgjerdsmynde jfr. PS 32/21, handsama i kommunestyret 6.5.2021, samt vidare delegasjon frå rådmannen er det gjort fylgjande vedtak:

1. Det blir gitt byggeløyve for privat stikkleidningar for vatn og pumpeleidning for avløp på gnr. 47, bnr. 114, bnr. 86 og bnr. 132 i medhald av plan- og bygningsloven § 20-2, andre ledd, bokstav a), jfr. §§ 20-3 og 20-1, bokstav j) som omsøkt på fylgjande vilkår:
  - a. Før det kan bli gitt ferdigattest må det ligge føre:
    - a. Samsvarserklæring for utført arbeid innafør alle ansvarsområde.
    - b. Søknad om ferdigattest.
    - c. Fagmessig utført tverrprofil av grøft, som syner oppbygging av grøft, plassering av leidningar i grøft, evt. Isolasjon og overdekning over røyr.
    - d. Ferdig leidningskart som viser leidningar mm slik det er lagt.
  - b. Plassering av tiltaket skal utførast i samsvar med situasjonskart godkjent den 1.7.2024.
  - c. Evt. overskotsmassar frå tiltaket må bli lagra og deponert på ein forsvarleg og godkjent måte.

2. Ein kan ikkje sjå at omsøkte tiltak bryt med prinsippa i Naturmangfaldloven §§ 8-12, jfr. § 7, eller fører til negative konsekvensar for økosystem eller miljø.

#### **Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer generell informasjon om klage og innsynsrett.

#### **Sakshandsamingsgebyr :**

Grunna for lang sakshandsamingstid blir det ikkje sendt faktura på sakshandsamingsgebyret.

### **1. Opplysningar til saka**

Søknad om tilkopling til kommunalt VA-anlegg og søknad om byggeløyve for stikkleidningar er motteke 26.4.2024. Grunna sjukemelding har det diverre teke litt tid for Bygland kommune å handsame søknaden og arbeidet er difor allereie utført.

Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg er godkjent den 1.7.2024 i delegert sak 499/24.

Tiltakshavar er Nesodden Industribygg AS som har bruksavtale datert den 4.4.2024 med grunneigar av gnr. 47, bnr. 86, 114 og 132, Bygland kommune. Ansvarleg søkjar er Containertech AS.

#### Søknaden gjeld:

- Legging av ca. 260 meter med 32 mm stikkleidning for vatn frå tilkoplingspunkt ved off. toalett og fram til tømmeastasjonen, inkl. montering av vassmålar, utvendig stoppekran og tilkopling i kommunal kum.
- Legging av ca. 320 m meter med 63 mm stikkleidning for avløp (pumpeleidning) frå tilkoplingspunkt i kum (der forpaktarbustaden stod) og fram til tømmeastasjon, inkl. montering av pumpe, vassmålar og røyrdelar inn i kommunal kum.

Overdekning over røyr er oppgjeve til 1 m som er lite dersom stikkleidningane skal brukast om vinteren. I søknaden er det beskriva at stikkleidningene ikkje skal vere i bruk om vinteren og at dette er grunnen for lite overdekning over røyr.

#### Nabovarsel:

Det er vurdert at tiltaket ikkje treng nabovarsling då heile tiltaket ligg på kommunal grunn og det er signert bruksavtale.

#### Planstatus:

Gjeldande arealplan er reguleringsplan for Presteneset reguleringsplan, kommunestyret har gjeve dispensasjon for tiltaket i vedtak den 8.5.2024.

Legging av stikkleidningar i bakken er vurdert til å ikkje vere i strid med gjeldande plan og føresegner for området.

### Ansvar

Legging av stikkleidningar er eit søknadspliktig tiltak med ansvarsrett i tiltaksklasse 1.

Oversikt over ansvar i prosjektet:

SØK	Containertech AS
PRO vatn og avløpsleidningar	Containertech AS vha. innleigde føretak
UTF vatn og avløpsleidningar	Containertech AS vha. innleigde føretak
UTF grunn- og terrengarbeid	Svein Helge Nomeland

Innmåling og dokumentering av stikkleidning er utført av Bygland kommune

Tiltaket er vurdert til å vere tilstrekkeleg belagt med ansvar.

## 2. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk

- Plan- og bygningsloven ( 2008) § 20-2 andre ledd bokstav a), jfr. §§ 20-3 og 20-1 bokstav j.
- Reguleringsplan for Presteneset, [arealplaner.no](http://arealplaner.no)
- Vedtak om mellombels dispensasjon, for etablering av tømmeasjon for bubar og bubarparkering, kommunestyret den 8.5.2024, sak 37/24.
- Naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. § 7.

## 3. Vurderingar

Søknaden vurderast å ikkje vere i strid med plan- og bygningsloven og gjeldande reguleringsplan for området. Ein vil tilrå at søknaden blir godkjent som omsøkt.

Med helsing

Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg

Ingeniør byggesak

### Vedlegg:

- 1 Godkjent situasjonskart stikkleidningar
- 2 Orientering om klage og innsynsrett

### Kopi til:

Trond Skjeggedal                      Sentrum 18                      4745                      BYGLAND

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift*




# Situasjonsplan tilkoping til kommunalt VA-anleg

Dato: 28.06.2024

Målestokk: 1:1500

Koordinatsystem: UTM 32N



Det tas forbehold om riktigheten eller fullstendigheten av opplysningene i dette dokumentet. Det kan ikke rettes krav som følge av at disse opplysningene benyttes som grunnlag for beslutninger.



5.3



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

CONTAINERTECH AS  
Nesmoen 25  
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2023/706- 11	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.froysnes.berg@bygland.kommune.no	10.07.2024

## FERDIGATTEST

Delegert sak nr.: 465/24

Ein viser til søknad om ferdigattest for private stikkleidningar i samband med tilkopling av tømme-stasjon for bubilar til kommunalt VA-anlegg på Presteneset, søknaden er motteken den 4.7.2024

På grunnlag av tidlegare løyve og mottekne opplysningar har Bygland kommune gjort slikt vedtak:

### **Administrativt vedtak:**

I medhald av avgjerdsmynde jfr. PS 32/21, handsama i kommunestyret 6.5.2021 samt vidare delegasjon frå kommunedirektøren er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for private stikkleidningar i samband med tilkopling av tømme-stasjon for bubilar til kommunalt VA-anlegg blir godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.
2. Tiltaket, eller delar av det, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring ( 20-1, pkt. d) krev særskild løyve.

### **Klagerett:**

*Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Ei evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.*

.....

### Opplysningar om saka:

**Byggjestad:** Gnr. 47, bnr. 114, bnr. 86 og bnr. 132 på Presteneset  
**Tiltakshavar:** Nesodden Industribygg AS jfr. Bruksavtale datert 4.4.2024 med grunneigar Bygland kommune.  
**Ansvarleg søkjar:** Containertech AS

Søknad om ferdigattest vedlagt samsvarserklæringar er motteken 4.7.2024.

### Tidlegare vedtak i saka:

- Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, delegert sak 449/24
- Løyve til legging av private stikkeleidingar, delegert vedtak den 3.7.2024, delegert sak 450/24.

I søknad om ferdigattest har ansvarleg søkjar/tiltakshavar stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort søknadspliktige endringar/justeringar i høve løyvet. Det er også stadfesta at FDV –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar. Vidare stadfester føretak i samsvarserklæringane at ansvarsområda og at arbeid innafor ansvarsområda er avslutta.

### Vurdering:

Med bakgrunn i opplysningar i søknad om ferdigattest med vedlegg, vurderer ein at søknad om ferdigattest er i samsvar med plan- og bygningsloven og med vilkår sett i byggeløyvet.

### Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting på at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for å avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for å ta bygget/tiltaket i bruk.
- Dersom ferdigattest er gitt på sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sjølv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi pålegg i fem år etter at ferdigattesten er gitt.
- Når ferdigattest er gjeven, blir eigedomen ført inn i register for kommunale tenester, vedlagt fylgjer informasjon om tenester og gebyr i Bygland kommune.
- Ansvarleg søkjar må informere ansvarlege føretak om ferdigattesten.

Med helsing

Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg

Ingeniør byggesak

Vedlegg

1 Orientering om klage og innsynsrett

Kopi til

NESODDEN INDUSTRIBYGG AS	Nesmoen 25	4745	BYGLAND
BYGLAND KOMMUNE	Sentrum 18	4745	BYGLAND

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift*

5.4



Bygland kommune  
Med hjarta i Bygland

CONTAINERTECH AS  
Nesmoen 25  
4745 BYGLAND

Vår ref.:	Sakshandsamar:	Dato
2024/155-58	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.froysnes.berg@bygland.kommune.no	10.07.2024

## BYGGELØYVE FOR TØMMESTASJON FOR BUBILAR PÅ GNR. 47, BNR. 114 PÅ PRESTENESET

Delegert sak nr.: 464/24

Ein viser til tidlegare motteken søknad og til oppdatert søknad motteke den 4.7.2024, søknad om byggeløyve for tømme-stasjon for bubar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset.

På grunnlag av tidlegare vedtak i saka og motteke opplysningar har Bygland kommune gjort slikt vedtak:

### **Administrativt vedtak:**

I medhald av avgjerdsmynde jfr. PS 32/21, handsama i kommunestyret 6.5.2021, samt vidare delegasjon frå rådmannen er det gjort fylgjande vedtak:

1. Det blir gitt byggeløyve for tømme-stasjon med sanitærdel på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset, i medhald av plan- og bygningsloven § 20-2, andre ledd, bokstav a), jfr. §§ 20-3 og 20-1, bokstav a) som omsøkt på fylgjande vilkår:
  - a. Før det kan bli gitt ferdigattest må det ligge føre:
    - a. Ferdigattest for stikkleidningar til anlegget
    - b. SOSI-fil for innmålt bygg på tomta.
  - b. Løyve til tiltak fell bort dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan 3 år. Det same gjeld dersom tiltaket stoppar opp i lengre tid enn 2 år. Fristane kan ikkje forlengast, jfr. pbl § 21-9, 1. ledd.
  - c. Dersom det vert skifte av tiltakshavar før tiltaket er fullført, skal dette meldast til kommunen, både av den som først hadde tiltaket og den nye. Det same gjeld ved skifte av eigar jfr. pbl § 23-2.
  - c. Det må førast nødvendig kontroll, slik at tiltaket ikkje strir mot reglar gjeve i eller i medhald av plan- og bygningsloven med tilhøyrande forskrifter, gjeldande reguleringsplan eller byggeløyve. Kommunen kan føre tilsyn med at tiltak blir gjennomført i samsvar med lov, plan og løyve og godkjende bygningsteikningar og situasjonskart skal difor alltid vere tilgjengelig på byggeplass.

- d. Det er ikkje tillate å brenne avfall, avfall frå tiltaket skal leverast på godkjent deponi.
- e. Plassering av tiltaket og beliggenhetskontroll skal utførast i samsvar med situasjonskart godkjent den 9.7.2024.
2. Ein kan ikkje sjå at omsøkte tiltak bryt med prinsippa i Naturmangfaldloven §§ 8-12, jfr. § 7, eller fører til negative konsekvensar for økosystem eller miljø.

**Klagerett:**

Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32.

Evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer generell informasjon om klage og innsynsrett.

**Sakshandsamingsgebyr :**

Faktura for sakshandsamingsgebyret vert ettersendt til tiltakshavar:

Gebyr etter plan- og bygningslova:	
3.2.5 Oppføring av ny næringsbygg BRA 0 – 100 m2	kr. 2.974,-
Sum	kr. 2.974,-

Gebyrregulativ for bygge- og delesaker finn ein på kommunens heimeside:

[Prisliste for bygge- og delingssaker \(Gebyrregulativ\) - Bygland kommune](#)

**1. Opplysningar til saka**

Søknad om byggeløyve for tømme-stasjon med sanitæranlegg er motteke tidlegare, oppdatert søknad er motteke den 4.7.2024.

Søknaden er vurdert til å vere tilstrekkeleg opplyst til at den kan bli handsama.

Tidlegare vedtak i saka:

- Bubliløymestasjon – plassering og driftm vedtak i kommunestyret 8.2.2024, sak 8/24.
- Bruksavtale for Presteneset er signert 4.4.2024.
- Mellombels dispensasjon for etablering av tømme-stasjon for bubilar og bubilparkering på gnr. 47, bnr. 114 og gnr. 47, bnr. 1, fnr. 64 på Presteneset, vedtak i kommunestyret 8.5.2024, sak 37/24.
- Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 449/24.
- Løyve til legging av private stikleidningar i samband med tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 450/24.

Tiltakshavar er Nesodden Industribygg AS som har bruksavtale signert 4.4.2024 med grunneigar av gnr. 47, bnr. 114 som er Bygland kommune. Ansvarleg søkjar er Containertech AS.

Søknaden gjeld tømme-stasjon for bubilar med sanitæranlegg i 1 etg.

Tiltak med grunnflate 18 m<sup>2</sup>, mønehøgde 2,44 m, med flatt tak og utvendig ståande spiler/kledning. Innvendig er det teknisk rom for tømme-stasjon, HC wc med dusj, gang og wc med vask og vaskerom med dusj og plass til vaskemaskin.

Naboar er ikkje varsla då ein i medhald av plan- og bygningsloven § 21-3, 2. ledd, vurderer at dei ikkje blir berørt av tiltaket.

**Planstatus:**

Gjeldande arealplan er reguleringsplan for Presteneset, området er regulert til GKG3. Tiltaket har fått mellombels dispensasjon, jfr. kommunestyrevedtak den 8.5.2024, sak 37/24.

**Teknisk infrastruktur:**

Tilkomst til tømmestasjonen blir frå rundkøyring på Rv 9 og kommunal veg ned til området på Presteneset. Tiltaket blir skilta frå Rv 9.

Vatn og avløp, tømmestasjonen er tilkopla til kommunalt VA-anlegg der gråvatn skal bli levert på kommunalt anlegg og slam frå bubilane skal bli henta med slamtømmebil.

**Tilhøvet til kulturminne**

Området er regulert og ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med kjende kulturminne.

**Tilhøvet til naturmangfaldet**

Området er regulert og ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med registreringar i Naturbasen

**Naturfare**

Området er regulert og ein kan ikkje sjå at tiltaket kjem i konflikt med snøskred, steinsprang eller jord- og flomskredfare. Området kan vere utsett for flaum og tiltaket må utformast slik at det ikkje blir utleking av avløpsvatn eller fare for inntrenging av forureina vatn i kommunal vassleidning. Sikker byggehøgde langs Byglandsfjorden er jfr. Flaumkartlegging utført av Norkart AS 205,41 moh. [flomkartlegging-langs-araksfjorden-og-byglandsfjorden.pdf](#)

**Ansvar**

Oppføringa av tømmestasjon med sanitærdel er vurdert til å vere eit søknadspliktig tiltak med ansvarsrett i tiltaksklasse 1. Tiltaket er tilstrekkeleg belagt med ansvarsrett.

**2. Tilhøvet til gjeldande planar og lovverk**

- Plan- og bygningsloven ( 2008) § 20-2 andre ledd bokstav a), jfr. §§ 20-3 og 20-1 bokstav a.
- Kommunepanens arealdel, godkjent av kommunestyret den 22.2.2011, sak 18/11.
- Reguleringsplan for Presteneset, vedteke i kommunestyret 27.2.2019, sak 16/19 med mindre planendring vedteken i plan-, miljø- og ressursutvalet 4.2.2020, sak 18/20.
- Naturmangfaldlova §§ 8-12, jfr. § 7.

**Tidlegare vedtak i saka:**

- Bubilømmestasjon – Plassering og drift, kommunestyresak den 8.2.2024, sak 8/24.
- Bruksavtale for Presteneset er signert 4.4.2024.
- Mellombels dispensasjon for etablering av tømmestasjon for bubilar og bubilparkering på gnr. 47, bnr. 114 og gnr. 47, bnr. 1, fnr. 64 på Presteneset, vedtak i kommunestyret 8.5.2024, sak 37/24.
- Løyve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 449/24.
- Løyve til legging av private stikkleidningar i samband med tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 450/24.

**3. Vurderingar**

Søknaden er tilstrekkeleg opplyst og vurderast å vere i tråd med plan- og bygningsloven og vedtak om mellombels dispensasjon godkjent i kommunestyret i møte den 8.5.2024, sak 37/24, samt kommunestyrevedtak den 8.2.2024 og signert bruksavtale. Ein vil tilrå at søknaden blir godkjent som omsøkt.

Med helsing  
Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg  
Ingeniør byggesak


### Vedlegg

- 1 Godkjent situasjonsplan og bygningsteikning
- 2 Orientering om klage og innsynsrett


### Kopi til

NESODDEN INDUSTRIBYGG AS	Nesmoen 25	4745	BYGLAND
Trond Skjeggedal	Sentrum 18	4745	BYGLAND

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift*




GODKJENT  
 BYGLAND KOMMUNE  
 Dato: 10.7.2024  
 Sak: 24/155  
 Vedtak: 464/24




FASADE NORD

Bakside




FASADE SØR

Splilet med 36x48 på vegg og tak.  
Side inngang



FASADE VEST

Endevegg



Tømmestasjon FASADE ØST


GODKJENT  
BYGLAND KOMMUNE  
Dato: 10.7.2024  
Sak: 24/155  
Vedtatt: 464/24

Fasade Toalett og tømning		Scale:	Orig. plot size:
Presneset tømningstasjon		N/A	A3
PROJECT NO.:	DATE:	PROJECT NO.:	PROJECT NO.:
PR0016	07.05.2024	PR0016	PR0016
PROJECT NAME:	PROJECT NAME:	PROJECT NAME:	PROJECT NAME:
Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon
PROJECT NO.:	PROJECT NO.:	PROJECT NO.:	PROJECT NO.:
PR0016	PR0016	PR0016	PR0016
PROJECT NAME:	PROJECT NAME:	PROJECT NAME:	PROJECT NAME:
Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon	Presneset tømningstasjon




ContainerTech AS GROUP  
Kontaktperson: Sverre Stenlund  
E-post: s.stenlund@containertech.no  
Tlf: +47 91 15 20 24  
ContainerTech AS is a registered company in Norway. All rights reserved. No part of this document may be reproduced or disseminated in whole or in part by or to anyone without the written permission of ContainerTech.





GODKJENT  
BYGLAND KOMMUNE  
 Dato: 10.7.2024  
 Sak: 24/155  
 Vedtak: 24/155/464  
 464/24

Layout Toalett og tømming		Sak: 24/155	Oppr. forfatter: AS
Presneset tømme stasjon		N/A	Oppr. forfatter: KPH
PROJEKTANT	PROJEKT	PROJEKT Dato: 10.05.2024	Blatt: 1
KPH	KPH	PROJEKT Dato: 10.05.2024	Blatt: 1
Containerertech		Blatt 12 of 12	Blatt: 1
KPH GROUP		This document and all information and data disclosed herein are the confidential and proprietary information of Containerertech AS. Any use, reproduction or disclosure in whole or in part by any person other than the authorized personnel of Containerertech AS is strictly prohibited.	



GODKJENT  
 BYGLAND KOMMUNE  
 Dato: 10. 7. 2024  
 Sak: 24/155  
 Vedtak: 464/24

Snitt Toalett og tømning Presneset tømme-stasjon		Scale: N/A	Org. per. dir: AS
PROJECT: 01.05.2024		PROJECT NO.: P10017	APPROX. VOLUME: 1
DESIGNER: KRH		DATE: 12.01.24	PROJECT NO.: 1
DRAWN BY: KRH		SCALE: 1:1	PROJECT NO.: 1
CHECKED BY: KRH		DATE: 12.01.24	PROJECT NO.: 1



This document and all information and data disclosed herein are the confidential and proprietary property of Containeritech AS. No part of it may be used, reproduced or disclosed in whole or in part by any person without the written permission of Containeritech.



CONTAINERTECH AS  
Nesmoen 25  
4745 BYGLAND

Vår ref:	Sakshandsamar:	Dato
2024/155- 60	Liv Elin Frøysnes Berg liv.elin.froysnes.berg@bygland.kommune.no	11.07.2024

## FERDIGATTEST

Delegert sak nr.: 466/24

Ein viser til søknad om ferdigattest for tømmestasjon for bubilar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset, søknaden er motteken her 5.7.2024.

På grunnlag av tidlegare løyve og mottekne opplysningar har Bygland kommune gjort slikt vedtak:

### **Administrativt vedtak:**

I medhald av avgjerdsmynde jfr. PS 32/21, handsama i kommunestyret 6.5.2021 samt vidare delegasjon frå kommunedirektøren er det gjort fylgjande vedtak:

1. Søknad om ferdigattest for tømmestasjon for bubilar på gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset blir godkjent i medhald av plan- og bygningsloven (2008) § 21-10 og SAK 10 §§ 8-1 og 8-2 som omsøkt.
2. Tiltaket, eller delar av det, må ikkje brukast til andre føremål enn det løyvet gjeld for, bruksendring ( 20-1, pkt. d) krev særskild løyve.
3. Anlegget skal iflg. søknaden ha slamtømming, det er førebels driftsansvarleg som har ansvar for å rekvirere tømning ved behov.

### **Klagerett:**

*Vedtaket kan påklagast til Bygland kommune, etter Plan- og bygningsloven § 1-9 og Forvaltningsloven §§ 28 - 32. Ei evt. klage må jfr. Forvaltningsloven § 29 framsettast skriftelig innan 3 veker etter at de har motteke melding om vedtak. Ved evt. klage må de oppgi saksnummer, kva klaga gjeld og grunnen for at de meiner at klaga må takast til fylgje. Vedlagt fylgjer meir informasjon om klage- og innsynsrett.*

.....

### Opplysningar om saka:

**Byggjestad:** Gnr. 47, bnr. 114 på Presteneset  
Bygningstype 840, bygningsnummer 301366906  
**Tiltakshavar:** Nesodden Industribygg As jfr. Bruksavtale 4.4.2024.  
**Ansvarleg s kjar:** CONTAINERTECH AS

S knad om ferdigattest vedlagt samsvarserkl ringar er motteke 5.7.2024.

### Tidlegare vedtak i saka:

- Bubil mmestasjon – plassering og drift, vedtak i kommunestyret 8.2.2024, sak 8/24.
- Bruksavtale for Presteneset er signert 4.4.2024.
- Mellombels dispensasjon for etablering av t mmestasjon for bubilar og bubilparkering p  gnr. 47, bnr. 114 og gnr. 47, bnr. 1, fnr. 64 p  Presteneset, vedtak i kommunestyret 8.5.2024, sak 37/24.
- L yve til tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 449/24.
- L yve til legging av private stikkleidningar i samband med tilkopling til kommunalt VA-anlegg, delegert vedtak den 3.7.2024, sak 450/24.
- Ferdigattest for stikkleidningar, delegert vedtak den 10.7.2024, delegert sak 466/24.
- Byggel yve for t mmestasjon for bubilar, delegert vedtak den 10.7.2024, delegert sak 464/24.

I s knad om ferdigattest har ansvarleg s kjar/tiltakshavar stadfesta at tiltaket tilfredstillar krava til ferdigattest, og at det ikkje er gjort s knadsplichtige endringar/justeringar i h ve l yvet. Det er ogs  stadfesta at FDV –dokumentasjon for bygget er overlevert til byggverkets eigar. Vidare stadfester f retak i samsvarserkl ringane at ansvarsomr da og at arbeid innaf r ansvarsomr da er avslutta.

### Vurdering:

Med bakgrunn i opplysningar i s knad om ferdigattest med vedlegg, vurderer ein at s knad om ferdigattest er i samsvar med plan- og bygningsloven og med vilk r sett i byggel yvet.

### Generelle opplysningar om ferdigattest:

- Ferdigattest er ei stadfesting p  at Bygland kommune som bygningsmynde har motteke naudsynt dokumentasjon for   avslutte byggesaka og gir eigar grunnlag for   ta bygget/tiltaket i bruk.
- Dersom ferdigattest er gitt p  sviktande grunnlag kan den bli trekt tilbake og ansvar for evt. feil og manglar gjeld framleis sj lv om kommunen har gitt ferdigattest. Bygland kommune som bygningsmynde kan gi p legg i fem  r etter at ferdigattesten er gitt.
- N r ferdigattest er gjeven, blir eigedomen f rt inn i register for kommunale tenester, vedlagt fylgjer informasjon om tenester og gebyr i Bygland kommune.
- Ansvarleg s kjar m  informere ansvarlege f retak om ferdigattesten.

Med helsing  
Bygland kommune

Liv Elin Frøysnes Berg  
Ingeniør byggesak

### Vedlegg

- 1 Orientering om klage og innsynsrett
- 2 Orientering om eigedom teneste og gebyr

### Kopi til

NESODDEN INDUSTRIBYGG AS	Nesmoen 25	4745	BYGLAND
Trond Skjeggedal	Sentrum 18	4745	BYGLAND
Kjell Øyvind Berg	Tenesteleiar DFV	4745	Bygland

*Dokumentet er godkjent elektronisk, og blir sendt utan underskrift*